



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
010/26	Formannskapet	05.02.2026
004/26	Kommunestyret	26.02.2026

Kommunedelplan for Dale - oppstart av planarbeid og høyring av planprogram

Kommunedirektøren sitt framlegg:

I samsvar med plan- og bygningslova §11-12 blir det varsla oppstart av arbeid med kommunedelplan for Dale. Forslag til planprogram blir sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova §§11-13 og 11-14. Høyringsperioden er sett til 02.03.2026 - 26.04.2026.

05.02.2026 Formannskapet

Handsaming:

Røysting: samrøystes

FOR010/26 Vedtak i:

I samsvar med plan- og bygningslova §11-12 blir det varsla oppstart av arbeid med kommunedelplan for Dale. Forslag til planprogram blir sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova §§11-13 og 11-14. Høyringsperioden er sett til 02.03.2026 - 26.04.2026.

26.02.2026 Kommunestyret

Handsaming:

Røysting formannskapet si tilråding: samrøystes

KOM004/26 Vedtak i:

I samsvar med plan- og bygningslova §11-12 blir det varsla oppstart av arbeid med kommunedelplan for Dale. Forslag til planprogram blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova §§11-13 og 11-14. Høyringsperioden er sett til 02.03.2026 - 26.04.2026.

Saksutgreiing:

Fjaler kommunestyre vedtok kommuneplanen sin arealdel i mars 2024. Arealdelen dekkjer heile kommunen, bortsett frå Dale der kommunedelplanen frå 2015 framleis gjeld. Etter plan- og bygningslova § 11-1 skal kommunen ha ein samla kommuneplan som består av ein samfunnsdel med tilhøyrande handlingsdel og ein arealdel. Då kommuneplanen sin arealdel ikkje gjeld i Dale, må det lagast ein eigen kommunedelplan for Dale der prinsippa for arealbruken i Dale blir definert.

Kommunal planstrategi for Fjaler kommune blei vedteken av kommunestyret i september 2024 i sak 071/24. I den kommunale planstrategien skal det takast stilling til om kommuneplanen eller delar av kommuneplanen skal reviderast i kommunestyreperioden. I den vedtekne planstrategien blir det slått fast at det er behov for revisjon av både kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunedelplan for Dale i inneverande planperiode 2024-2027. Det har snart gått 10 år sidan den gjeldande kommunedelplanen blei vedteken, noko som understrekar behovet for å få ein ny plan på plass.

Kommunestyret varsla oppstart av arbeid med kommunedelplan for Dale i møte den 19.12.2024. Endeleg planprogram vart etter høyring vedtatt i kommunestyret den 22.05.2025. Kommunen har ikkje hatt ynskja framdrift i arbeidet med planen etter dette. Vi ser vidare at det vil vere ein stor fordel med auka medverknad tidleg i planprosess. På bakgrunn av dette er ein komen fram til at det er ynskjeleg å varsle oppstart på nytt for å sikre ytterlegare innspel tidleg i planprosess. I den samanheng vart det utarbeidd eit oppdatert planprogram. Oppdatering i planprogram er i all hovudsak knytt til framdriftsplan.

Etter plan- og bygningslova § 11-13 skal det utarbeidast eit planprogram. I planprogrammet blir føremålet med planarbeidet gjort greie for, samt korleis planprosessen skal gjennomførast. Planprogrammet skal òg omtale opplegget for medverknad, kva for alternativ som vil bli vurdert og eventuelle behov for utgreiingar. Sjølv kommunedelplanen skal utarbeidast ut frå planprogrammet som blir fastsett av kommunestyret.

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 skal forslag til planprogram sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn samstundes med varsel om oppstart og kunngjering av planarbeidet. Høyringsperioden skal vere minst seks veker. Planprogrammet skal fastsettest av kommunestyret.

Vurdering:

Planprogrammet er utarbeidd etter plan- og bygningslova. Det er definert fem hovudtema ut frå dei utviklingstrekk og utfordringane som er nemnt i kunnskapsgrunnlaget til kommunal planstrategi, samt dei lokale utfordringane ein ser i Dale. Hovudtemaa for planarbeidet er:

- Bustad
- Trafikk
- Offentlege tenester (gravplass og omsorgsbustader)
- Sentrumsutvikling
- Samfunnstryggleik

Kommunestyret er det politiske organet som har ansvaret for å vedta ein kommunedelplan. Derfor vil det vere naturleg å involvere kommunestyret i utarbeidinga av planen for å sikre eit godt eigarskap til planen. Involveringa vil bli realisert gjennom oppdateringar i kommunestyret undervegs i planprosessen og medverknadsaktiviteter som til dømes planverkstad. For å sikre brei politisk forankring blir forslaget til planprogrammet og forslaget til sjølv planen handsama av kommunestyret.

Kommunedirektøren si tilråding er å sende planprogrammet på høyring og legge det til offentleg

ettersyn slik det ligg føre. For å sikre brei medverknad er høyringsperioden sett til sju veker frå 02.03.2026 til 26.04.2026.

Vedlegg i saka:

22.01.2026	Planprogram - kommunedelplan for Dale (2026-2038)	375884
------------	---	--------